



Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	10/200-8	13/7017	N-654.2/	01.07.2013

Fråsegn - Øvre Alsåker kraftverk - Småkraft AS - Ullensvang herad

Viser til dykkar brev datert 11. april 2013: *Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje 13 småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang kommunar, Hordaland fylke – høyring.*

Hovudtrekka i søknaden om konsesjon til kraftproduksjon i Alsåkerelvi er positive. Dei har skildra korleis tiltaket kan byggast ut skånsamt. Heradsstyret i Ullensvang har no tatt stilling til saka (HST-051/13 Vedtak):

Ullensvang heradsstyre rår til at NVE gjev Øvre Alsåker kraftverk konsesjon i samsvar med søknad, men på følgjande vilkår:

- *Tiltakshavar må søkja om dispensasjon frå kommuneplanen, jamfør PBL § 19-2 tredje ledd.*
- *Det må søkjast Statens vegvesen om utvida bruk av privat avkøyrse for å etablera Øvre Alsåker kraftverk.*
- *Dersom tiltaket lagar stengsler for ålmenta, må det gjerast tiltak for etablering av nye passeringspunkt.*
- *Det vert sett krav til opprydding langs røyrgatetrase og med inntaksdam slik at inngrepa vert minst mogleg synlege.*
- *Alternative løysingar for tiltaket bør vurderast, som bruk av profilboring og taubane.*

Saksutgreiinga til heradsstyret sitt vedtak følgjer med som eit eige vedlegg.

Med helsing
Ullensvang herad

Kent Geirmund Håkull
Planleggjar

Sakshandsamar sin tlf: 53671516
Sakshandsamar si e-postadr.: kent.hakull@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok